



Den vakgre eigedomen Langevåg på Skorpo ligg ute for salg.

Fritidseigedom med hytte, anneks, naust og kaianlegg på Skorpo 32 er lagt ut for salg. Tomta har eit areal på 4 698 rutemeter. Eigedomen ligg vestvendt og solrikt til på nordsida av Skorpo med vakker utsikt mot Hardangerfjorden, Tysnes, Ølve og Hatlestrand. Husa på tomten er godt vedlikehaldne. Til eigedomen høyrer det stor kai og eiga badestrand. Meglar er EiendomsMegler 1.

Eigedomen har namnet Langevåg. Det var Lars Eidsvik (f. 1896, d. 1973), gift med Kristine Pedersdotter, som fekk skøyte på eit stykke av utmarka til Persneset, nord for Jektholmen. Lars var fiskar og målar. Han dyrka opp så mykje at dei kunne ha ei ku og poteter til eige bruk. Lars og Kristine fekk fire born som etter kvart flytta ut og busette seg i Sunnhordland og i Hardanger.

Det er hytter i område. Det er hovudbruket som no vert seld. Huset på bruket vart fyrste gong bygd i 1930, men er ombygd og mykje påkosta seinare. Brutto buareal er 123 rutemeter. Antal soverom: 4. Tomta er opparbeidd med stor plen. Til kaianlegget høyrer 15 lang kaifront langs land og ei 10 meter lang brygge som skjermar bukta.



Til eiegenomen høyrer hytte, anneks, naust og kaianlegg.

Alle, som fer framom med båt, har merka seg denne vakre eiegenomen, alltid velstelt og velhalde. Prisen er sett til vel 2,9 mill. kr. I tillegg kjem det omkostningar.

Marita Pedersen i EiendomsMeglar 1 er seljar. Mobil: 476 31 695

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Med løyve frå meglar



Kaianlegget er godt utstyrt og har både kaifront og brygge.